

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 23.3.2015

Høyringsuttale om Sædalen kraftverk i Vaksdal kommune, Hordaland

Naturvernforbundet Hordaland er sterkt skeptisk til planane om småkraftverk i Sædalselva i Vaksdal kommune, Hordaland, både ut frå naturverdiane som fins i og omkring elva og ut frå omsynet til samla belastning.

Om tiltaket

Sædalen Kraft AS søker om løyve til å byggja Sædalen kraftverk med installert effekt på 4,39 MW og ein estimert årsproduksjon på 10,2 GWh

- Kraftverket vil nytta eit fall på 160 m i Sædalselva, med inntak på kote 262 moh, og vil føra til sterkt redusert vassføring på ein 1,1 km lang elvestrekning i Sædalselva, ned til kraftstasjonen på kote 102 m.

Sædalselva er ei sideelv til Vaksdalsvassdraget, som renn saman med elva frå Herfindalen nedanfor Sædalen før ho renn ut i Sørfjorden ved Vaksdal. Inntaket blir demt opp 5 meter med ein 26 meter lang demning slik at det blir eit neddemt areal på 1.5 daa. Utbyggjarane har lagt fram tre alternativ, dvs.

- Hovudalternativet går ut på ei 1 100 m lang og 20 meter brei nedgravd røyrgate gjennom ein bjørkeblandingsskog i ei relativt bratt skråning med fall ned mot elva i ca 200 meters lengde. Utbyggjarane skriv sjølv at det blir «*en liten utfordring å forhindre at sprengstein faller ned i elva*». Med andre ord stor erosjonsfare både under og etter anleggsperioden. For å koma fram med gravemaskiner må det hoggast ein trasé på minst 20 meter, dette gjeld også (2).
- Alternativ 1 går ut på å leggja røyrkata rett nedover skråningen («merradalen») ved å sprenga seg 2 meter ned over ein strekning på 80-100 meter. Denne traséen vil gå gjennom ein «gammel løvskog» altså ein verneverdig naturtype, og kostar 2 mill kroner ekstra.
- Alternativ 2 går ut på å leggja røyrkata i tunnel, noko som vil auka kostnaden frå ca. 39 mill kroner til 45 mill kroner. Tunnelmassane på 1 500 m³ vil bli deponert ved kraftstasjonen og nytta som parkeringsplass.

Hydrologi

I søknaden blir det opplyst at Sædalselva har ei maksimal slukeevne på 3 250 l/s. Middelvassføringa er på 1 272 l/s, og det blir søkt om slepp av ei minstevassføring på 23 l/s heile året. Dette er berre 2% av middelvassføring og ein svært brutal reduksjon i vassføringa, med tanke på den kritiske perioden om hausten og eventuelle tørrår.



Hydrologikurvene i Fig 5 i konsesjonssøknaden viser at til og med i eit normalår er vassføringa over minstevassføringa i berre 50 dagar i året, og berre 10 dagar i den kritiske perioden juli-oktober. Det blir hevda i konsesjonssøknaden at restvassføringa på 135 l/s vil tilføra nok vatn til at minstevassføringa blir 5% (= 60 l/s). Men detaljkartet (Fig 2) på side 10 i konsulentrapporten viser at heile restnedbørsfeltet på nordsida av dalen ikkje renn saman med Sædalselva før like ovanfor kraftstasjonen, og får såleis ikkje noko å seia for minstevassføringa på den tørrlagde elvestrekningen. Restvassføringa kjem frå nokre småbekker på sørsida av dalen som knapt gir meir enn 15-20 l/s.

Biologisk mangfald og fisk

Rapporten om det biologiske mangfaldet i og rundt Sædalselva er laga av konsulentfirmaet Rådgivende Biologer AS. Rapporten har hovudsakleg fokusert på vegetasjon og fugl, men det øvrige dyrelivet i området med bl.a. insekter, botndyrfauna og amfibier, er praktisk talt fråverande.

Det er observert hekkeplassar for dei truga fugleartane strandsnipe og fossekall (s. 19). I tillegg er fiskemåke observert i vassdraget. Fossekallen er heilt avhengig av næringssøk etter botndyr og vil bli sterkt skadelidande ved ei så sterk utbygging som tilfellet er her, med ei minstevassføring i normalår på 23 l/s, uansett om det blir bygd rugekassar eller ikkje. Ved å leggja Sædalselva i røyr og tørrleggja ein strekning på 1 100 meter, blir ein stor del av næringsgrunnlaget for fossekallen borte, fordi botndyrfaunaen får mindre eller ingen areal å leva på, og artane kan i verste fall forsvinna. Det er då heller ikkje mogeleg å vita kor vidt det fins regionalt sjeldne botndyrartar i vassdraget, fordi det ikkje fins kunnskap om slike artar. Dette er i strid med §9 i Naturmangfaldlova som seier at *«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmiljøet.»*

Øvre delen av elvestrekninga er dominert av ei bekkekløft som strekk seg frå kote 245 til kote 180 meter (Fig 13), og heile strekninga er karakterisert som «elveløp». Både bekkekløft og elveløp er truga naturtypar (NT), så sjølv om desse naturtypane berre har «lokal verdi» og at det ikkje er observert raudlista mose- og lavartar, vitnar den store artsrikdommen (s. 23-25) om at det er potensiale for slike artar. Det verkar i det heile som om verneverdiane er systematisk undervurdert og bagatellisert i konsulentrapporten, såleis heiter det på s. 20 at *«På bakgrunn av at det er kjent to naturtyper med C-verdi og en rødlistet naturtype (NT), vurderes temaet verdifulle naturtyper til liten verdi.»* Slike motseiingar fins det fleire av i rapporten, som dermed verkar sær einsidig i favør av utbyggingsinteressene (sjå også s. 25).

På side 25 står det vidare i første avsnitt at *«Bjørkeskogen brytes opp av spredte ospenholt som byr på hekkemuligheter for hullrugende fuglearter»*, og lenger nede i 3. avsnitt at det er observert både grønspekk, kvitryggspett og flaggspett. Alle desse tre fugleartane vitnar om høgt artsmangfald av insekter, sopp, mose og lav, og høg andel gamalskog. Det fins også ein rik fauna av spurvefuglar og songarar, som indikerer rik insektfauna og høgt artsmangfald. Verken botndyrfaunaen i Sædalselva, som vil bli sterkt skadelidande ved tørrlegging, eller insektfaunaen i den nemnde gamalskogen der røyr-gata vil skjera tvers gjennom, er nemnt med eit ord, og mest truleg ikkje undersøkt. Fossekallen lever som kjent av insektlarvar og andre botndyr som han dukkar etter langs elva. Her viser vi til «føre var»-prinsippet som er nedfelt i §9 i naturmangfaldlova, som i dette tilfellet er sett heilt til side.

Det er observert bekkeare i Sædalselva (s. 26), som også vil bli sterkt skadelidende dersom det ikkje blir sett i verk særskilte avbøtande tiltak.

Friluftsliv og landskap

Området som grensar til Sædalen og opp mot fjellet på grensa til Samnanger, er mykje brukt lokalt som turområde for Vaksdal, og mange har hytter der, det gjeld i endå større grad nabodalførret Herfindalen. For landskapet i Sædalen medfører det planlagte kraftverket eit relativt stort inngrep, særleg hovudalternativet og Alternativ 1 som inneber nedgravd røyrgate og ein 20 meter brei korridor gjennom ein gamalskog av bjørk og andre lauvtre. Dette inngrepet vil bli synleg på lang avstand 20-30 år framover. Vidare står det på side 33 at det skal byggjast ein 200 meter lang veg frå ein *«planlagt og godkjent, men ennå ikke bygget skogsvei og over ei relativt åpen og flat slette ned til inntaket.»* Den omtalte skogsvegen er plotta inn på kartet på side 10 i konsulentrapportenn, og er ca 1 km lang frå Sædalen og oppover i nordvestleg retning. Etter Naturvernforbundet Hordaland si meining er det sannsynleg at denne vegen er planlagt med tanke på at det skal vera atkomstveg til det framtidige inntaket, og bør vurderast som eit landskapsinngrep som har samanheng med kraftverket. Bruk av såkalla «skogsvegar» som pressmiddel for å få bygt småkraftverk, er elles ein ganske vanleg metode også i mange andre saker. Denne påtenkte skogsvegen verkar dessutan sterkt inn på tapet av inngrepsfrie områder, slik Fig 19 viser. Vegen opp til inntaket representerer ein INON-reduksjon på 1.5 km² i sone 1 (ikkje i sone 2 slik det blir framstilt), men ved å halda denne reduksjonen utanfor, blir det berre ein tilleggsreduksjon på 0.15 km² på grunn av inntaksdammen. Dette er etter vår meining feil og må karakteriserast som manipulasjon av datagrunnlaget. Det korrekte ville vore å rekna vegen opp til inntaket som ein del av småkraftutbygginga.

Oppdemminga på 5 meter i inntaket kan føra til skader på flora og fauna i våtmarksområdet rundt dammen.

Det kan også stillast spørsmålsteikn ved korleis bygginga av røyrgate vil verka inn på sedimenttransporten i den bratte skråninga ned mot elva, særleg dersom hovudalternativet blir valt. Kartet på Fig 2 i konsulentrapporten viser at røyrtraséen går i ein bratt sideskråning ned mot nedre og midtre delen av elveløpet på ein om lag 150 meter lang strekning, og i berre 15-20 meters avstand frå elva. Det som står i konsesjonssøknaden på s. 25 om «Ras, flom og erosjon» verkar særskilt uklart og usamanhengande, nemleg følgjande: *«Det er dog et midtparti som enten blir i en bratt sideskråning, men det røret blir da i overkant og altså ingen rasfare, alternativt legges rørgata lenger inn, og da er det ned en relativt bratt bakke, men her er det fjell og dette vurderes heller ikke til å representere noen rasfare»*. Dersom dei her meiner Alternativ 1 som går rett ned «merradalen», burde det vore nemnt eksplisitt. Etter vår meining er det her stor fare for at kraftig regnver vil føra til at grus og stein blir transportert frå røyrgate og ned i elva, med dei konsekvensar det vil få for det biologiske mangfaldet. Den uklare ordbruken tyder også på det.

Samla belastning

På side 7 i konsulentrapporten (samandraget) står det nemnt at Sædalen kraftverk ligg i eit område av Vaksdal kommune der det fins fleire andre mindre kraftverk (Ardalen, Møllen, Boge, Fossmark) og nær BKK sine anlegg i Samnanger. Dette blir brukt som argument for at også Sædalen kraftverk bør få konsesjon. Etter Naturvernforbundet Hordaland si meining er det tvert imot eit argument mot utbygging, for dess fleire elver som blir lagt i røyr, dess større

verdi vil dei som enno ikkje er utbygd, få. Dette gjeld både ut frå omsynet til friluftsliv og turisme og ut frå omsynet til naturmangfaldet.

Auka produksjon av vasskraft og ordninga med «grøne sertifikat» har ført til låge kraftprisar, som gjer det vanskeleg å få gjennomført nødvendige energieffektiviseringstiltak. Klimaeffekten av småkraftverk er også tvilsam sidan auka produksjon av kraft ikkje automatisk erstattar fossil energi, og fordi småkraft stort sett berre produserer sommarkraft, i den årstida då det er minst bruk for kraft.

Konklusjon

I Plan- og Bygningslova §1-1 fjerde ledd står det at «*Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives*». Naturvernforbundet Hordaland meiner at konsekvensutgreiinga som er gjennomført i Sædalselva for Sædalen kraft AS er svært mangelfull og oppfyller ikkje krava til ei slik utgreiing, som skal synleggjera alle konsekvensane av utbygginga.

Blant anna er det ingen informasjon om botndyrfaunaen, dyreplankton og eventuelle amfibier i elva, og dermed veit ein heller ingenting om kor vidt det fins raudlista artar i elva. Vi veit at fossekallen er heilt avhengig av at det fins botndyr (bl.a. insektlarvar) i vassdraget. Sjølv om fossekallen stod på raudlista før 2010, men no er teken ut igjen, er den stadig ein truga art som er særleg utsett for konsekvensane av vasskraftutbygging fordi den er så sterkt knytt til vassdrag. Når konsekvensane for botndyrfaunaen ikkje er undersøkt, representerer det eit brot på «føre var»-prinsippet i §8 i Naturmangfaldlova, som seier «*Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger det alvorlig risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak*».

Det er og i strid med §9 og kravet om kunnskapsbasert forvaltning, der det står at «*Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet*». Det kan ikkje seiast i dette tilfellet, der viktige deler av kunnskapen om det akvatiske miljøet er utelate. Konsekvensutgreiinga tek heller ikkje omsyn til prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning i §10 i Naturmangfaldlova, som vist i førre avsnitt, og omsynet til komande generasjonar. Naturvernforbundet Hordaland går dermed sterkt mot den påtenkte bygginga av Sædalen kraftverk.

Med venleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland

Siri Haugum
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar